

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/17	Formannskapet	PS	15.03.2017
023/17	Heradsstyret	PS	29.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Roald Hovden	14/2372

## Interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling etter forureiningslova - godkjenning av avtale med BIR AS

### Vedlegg:

Avtale - tilsyn med forsøpling - Osterøy 2017 (200078)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS:

1. Samarbeidet omfattar utføring av administrative oppgåver knytt til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker som gjeld forsøpling i kommunen.
2. Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.
3. Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.
4. Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

### Formannskapet - 025/17

#### FS - behandling:

Jon Flydal Blichfeldt, MDG, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune v/formannskapet ønsker at ein før handsaming i heradsstyret innarbeidar i avtalen at BIR aktivt skal bidra til at det" vert oppretta kjeldesortering hjå alle kommunale einingar i Osterøy kommune. Dette vert å rekne som ei konkretisering av punkt 3, Formål, der dei tre første kulepunkta omhandlar tiltak for forebygging av forsøpling."

Framlegget vart trekt før avrøysting

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - vedtak:**

Innstilling til heradsstyret:

**"Heradstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS:**

1. Samarbeidet omfattar utføring av administrative oppgåver knytt til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker som gjeld forsøpling i kommunen.
2. Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.
3. Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.
4. Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar."

#### **Heradsstyret - 023/17**

#### **HS - behandling:**

#### **AVRØYSTING**

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **HS - vedtak:**

**"Heradstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS:**

1. Samarbeidet omfattar utføring av administrative oppgåver knytt til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker som gjeld forsøpling i kommunen.
2. Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.
3. Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for

- utføring av oppgåvene etter forureiningslova.**  
4. **Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar."**

### **Saksopplysningar:**

**Saksopplysningar:** I HS-sak 043/14, gjorde Osterøy heradsstyre vedtak om å inngå avtale med BIR AS om interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling. Avtalen av 19. desember 2014 gjekk ut 1 januar 2017.

BIR AS ønskjer no å vidareføre prosjektet som eit fast oppdrag og kjem med forslag til ny avtale.

### **Bakgrunn**

Ifølge avtalen av 19. desember 2014 og med heimel i forureiningslova § 83 fekk BIR AS delegert mynde frå Osterøy kommune til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova).

Samarbeidet inneber at BIR AS utfører oppgåver knytt til kartlegging av og tilsyn med forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker om forsøpling. Den «avslutta» avtalen vart først organisert som eit 2-års prøveprosjekt, med oppstart 1. januar 2015 og slutt 1. januar 2017.

I eigarmøte i september 2016 vedtok styret i BIR AS at frå 2017 skal prosjektet vidareførast som ei permanent og BIR-styrt teneste finansiert av BIR sine egne midlar.

### **Vurdering**

#### Evaluering av prøveprosjekt 2014 - 2016

Etter at BIR AS i to år har gjennomført tilsyn med forsøpling, kan ein konstatere at mykje er oppnådd for å avgrense forsøpling i kommunen. Det er fjerna avfall mange stader og tilsyn skal sikra at det ikkje vert forsøpla igjen.

Det er fjerna bilvrak, samt mengder bildeler og avfall (m.a., bilbatteri og kvitevarer). Dette har hindra mogeleg forureining gjennom tilførsel av miljøfarlege stoff til grunn eller vatn (olje, tungmetall, batterisyre m.m.).

Tilsynsaktiviteten har truleg auka miljømedvetet blant innbyggjarane. Etter oppslag i media har BIR fått fleire tips og førespurnader frå folk vedkomande bilvrak og forsøpling. Dessutan er det mange som uttrykker sin glede over prosjektet når dei tilfeldig treffast under feltarbeidet.

Tilsyn med forsøpling må ikkje ta slutt. Sjølv om mange forsøpla områder har vorte kartlagt, vil

stadig nye saker dukka opp. Dessutan kan det også ta lang tid før enkelte gamle saker skal avslutta.

Interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling har vore eit helt spesielt og godt prosjekt. Samarbeidet gjer det mogeleg å løyse tilsynsoppgåver effektivt og fører til rask forbetring av forsøplings situasjonen i kommunen.

For å effektivisere arbeidet og forhindre forsøpling må det først planmessig tilsyn. Kontrollaktivitet gjennomført over lengre tid, påverkar folk sine haldningar, og færre vil kvitte seg med avfallet sitt på en ulovleg måte. Elles er det og erfart at mange sjølv ryddar opp «på førehand», før det vert kontrollert.

### Ny avtale frå 2017

I det vidare prosjektet skal BIR arbeide for å lukke alle opne saker og arbeide for at nye forsøplingsstadar vert kartlagt og etter kvart rydda opp. Denne aktiviteten vil betre den generelle forsøplings situasjonen i Osterøy kommune. BIR AS vil dekke kostnadane til prosjektgjennomføring.

Ny avtale skal sikre vidareføring av arbeidet i framover, men med nokre endringar i høve til utgått avtale:

- Uavgrensa tidsvarigheit -med eit års oppseiingsfrist (avtalen sitt punkt 14)
- organisering i form av eit permanent oppdrag finansiert av BIR (avtalen sitt punkt 7)
- erstatning ved misleghald avgrensa til eit beløp som tilsvarar eit reelt tap (avtalen sitt punkt 11)

Med omsyn til avtalen av 19. desember 2014, vert avgjerdsmynde til BIR AS, utvida til også å gjelde forureiningslova § 83, andre ledd, som lyder:

«Når særlege hensyn taler for det, kan kommunestyret og fylkestinget delegere myndighet til å treffe enkeltvedtak til henholdsvis kommunale/interkommunale og fylkeskommunale/interfylkeskommunale selskaper.»

Endringa vert gjort for å fastsette og tydeleggjere BIR AS si mynde til å gjere einskildvedtak på vegne av kommunen.

### **Folkehelse**

Ikkje spesielt vurdert

### **Miljø**

Viser til saksutgreiinga

### **Økonomi**

Viser til saksutgreiinga

### **Konklusjon**

Den 1. januar 2017 utløp avtale av 19. desember 2014 mellom Osterøy kommune og BIR AS om interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling. En ny avtale skal sikre vidareføring av arbeidet i

framtida.

I eigarmøte i september 2016 vedtok styret i BIR AS at frå 2017 skal prosjektet vidareførast som ei permanent og BIR-styrt teneste finansiert av BIR sine egne midlar.

Rådmann rår til at ein inngår ny avtale med Bir A/S om interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling.